

Sivilombodsmannen
Postboks 3 Sentrum
0101 Oslo

Stranda 14. februar 2008

Lukking av møte i Stranda formannskap 15. januar 2008.

Stranda formannskap hadde møte tysdag 15. januar 2008, i eigenskap av generalforsamling i det heileigde kommunale aksjeselskapet Asvo Produkt AS, som er ei attføringsbedrift. Etter det som vart opplyst av ordførar Frank Sve etter møtet, vedtok generalforsamlinga å takke det gamle styret for samarbeidet, og velje eit nytt styre. Dette skjedde med fire mot tre røyster.

Sunnmøringen har etter møtet bede ordføraren om innsyn i møteprotokollen/utskrift frå vedtaket i generalforsamlinga, men ordføraren har sagt nei til dette - med å vise til at dette var eit møte etter aksjelova.

Dette er etter vårt syn feil. I reglement for Stranda formannskap, vedteke i Stranda kommunestyre 4. juli 2007, heiter det i pkt 5:

”Formannskapet har fått tildelt vedtaksmynde i følgjande saker/område:

Formannskapet:

5.0 Generalforsamling for kommunale selskap (unntak for Stranda Energiverk AS og Stranda Eigedomsselskap AS).”

Det kan etter dette ikkje vere tvil om at generalforsamlinga i Asvo Produkt AS var eit møte i formannskapet, og som difor skulle følgje kommunelovas regler om møteoffentlegheit og sakshandsaming elles. Tilsvarande må det også vere klart at dokumentinnsyn etter offentlegheitlova må gjelde for møteprotokollen i det aktuelle møtet.

Vi ber difor Sivilombudsmannen sjå nærare på Stranda formannskap si handsaming av denne saka.

Med venleg helsing
for Sunnmøringen


Gyri Aure, redaktør

Sunnmøringen

Sivilombodsmannen
Postboks 5 Sentrum
0101 Oslo

Stranda 2008-05-20

Dykkar ref.: 2008/377

Lukking av møte i Stranda formannskap 15. januar 2008.

Eg viser til brev frå ombodsmannen av 13. mai, med avvisning av klage på "innsyn i dokument – generalforsamling i ASVO Produkt AS". Dette må vere ei mistyding av vårt klagebrev av 14. februar i år. Som vi skreiv i overskrifta i brevet gjaldt vår klage lukking av møtet, og vi viser i denne samanheng også til telefonsamtale mellom ombodsmannen og generalsekretæren i Norsk Redaktørforening, Nils E. Øy, fredag 15. mai 2008. På denne bakgrunn ber vi om at ombodsmannen ser på saka på ny.

I sitt brev uttaler ombodsmannen i avsnitt tre mellom anna at "...når formannskapet er generalforsamling, er det som selskapsorgan og ikkje som organ etter kommunelova", men viser samstundes til Bernt, Overå og Hove, Kommunalrett, 4. utgåve 2001, om korleis kommunelova i fleire tilfelle vil gjelde fullt ut også for organ etter aksjelova. Vi vil tru at uttalen her skriv seg frå Kommunaldepartementet sitt rundskriv H-15/01, der departementet viste til eigen uttale i brev av 5. oktober 1995, om at "Vedtektsbestemmelser som fastsetter at 'kommunestyret utgjør generalforsamlingen' (eller liknende) kan etter vår oppfatning ikkje innebære noen innskrenkning i kommuneloven §35 nr 1."

Etter vårt syn må det gjelde tilsvarende for kommunelova sine reglar i §31 om møteoffentlighet.

Professor Jan Fr. Bernt ved Universitetet i Bergen har i uttalar til Norsk Redaktørforening gjeve uttrykk for det same. I februar i år skreiv Bernt mellom anna slik til redaktørforeninga:

"Det enkelte formannskapsmedlem har ingen aksjonærrettigheter. Formannskapsmøtet blir dermed det forum hvor kommunen fastsetter hvordan det skal utøve sin eierkompetanse. De

vedtak som treffes her, er mao kommunale vedtak, ikke selskapsvedtak, og Kommuneloven må gjelde fullt ut her.”

I ei seinare brevveksling skreiv professor Bernt slik:

”For øvrig vil jeg bemerke at det ikke er opp til kommunestyret å bestemme hvem som skal være generalforsamling i selskapet, det følger av aksjeloven. Og stemmerett i generalforsamlingen har i all enkelthet den som er aksjonær, eller som møter på vegne av aksjonær med fullmakt. De enkelte formannskapsmedlemmer har ingen slik fullmakt, og formannskapet kan følgelig ikke være generalforsamling. Det kan bare treffe vedtak om hvordan kommunen - med én stemme - skal utøve sin kompetanse som eier.

Bestemmelsen i reglementet for formannskapet må følgelig leses som en beslutning om utøving av kommunal beslutningsmyndighet, ikke av myndighet etter aksjeloven. Den er jo også en del av det generelle - kommunalrettslig hjemlede - delegasjonsreglement for organet.

Dette kan oppfattes som formalisme, men har den viktige praktisk realitet at en kommune aldri kan ta noen type beslutninger truffet av kommunale organer ut av den kommunalrettslige og forvaltningsrettslige reguleringen. Formannskapet kan selvsagt lukke dørene hvis det behandler spørsmål som er underlagt reglene om taushetsplikt for forretningsforhold, men all lukking av dørene må ha hjemmel i kommunelovens regler om dette.”

Det aktuelle reglement for Stranda formannskap, vedtatt 4. juli 2007, følger som vedlegg.

Med tanke på handsamingstida for avvisning av vårt første klagebrev, ber vi om høg prioritet for ei ny vurdering.

Med venleg helsing
Sunnmøringen


Cyri Aure, redaktør

Vedlegg: Reglement for Stranda formannskap av 4. juli 2007.